

## Tysnes kommune

Hordaland fylkeskommune mottok 10.07.2018 melding om offentleg ettersyn av samfunnssdelen av kommuneplanen for Tysnes kommune. Frist for uttale har kommunen sett til 24. august 2018.

Hordaland fylkeskommune vurderer kommuneplanar som eit særskilt viktig instrument for god og framtidssretta samfunnssplanlegging. Ein samfunnssdel av kommuneplanen er eit strategisk viktig dokument som har verknader i lang tid. Difor vert fråsegner til kommuneplanar, både samfunnssdel og arealdel handsama politisk i Hordaland fylkeskommune. Fylkestinget har delegert til utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) å gje fråsegner til kommuneplanar. KIRU har sine neste møte 12./13. september og 22. oktober. Saksframlegg må vera ferdige i god tid til desse møta.

Desse føresetnadane, og at sakshandsamarar m.m. ferie i vekene framover gjer at Hordaland fylkeskommune ikkje kan gje fråsegn til samfunnssdelen av kommuneplanen for Tysnes kommune på forsvarleg vis innan fristen 24. august.

Hordaland fylkeskommune søker difor om utsett frist til 31. oktober 2018.

Vi ber om å få ei tilbakemelding på denne søknaden for planlegginga av vidare arbeid.

Venleg helsing

Per Nordmark  
seniorrådgjevar, planseksjonen